



Masfjorden kommune

Innkalling av Formannskapet

Møtedato: 29.08.2022
Møtestad: Helsehuset, Knarvik - 6.etg. møterom Masfjorden
Møtetid: 10:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 078/2022 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 079/2022 Godkjenning av møtebok
- 080/2022 Kraftmelding pr. 30.06.2022
- 081/2022 Søknad om konsesjon for kjøp av GBNR 27/10 Nørland
- 082/2022 Masfjorden frivilligsentral - etablering og vedtekter
- 083/2022 Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2022 - Leger uten grenser
- 084/2022 Slutthandsaming av planprogram for områdeplan for Botneneset
- 085/2022 Endring av reguleringsplan for Rørdalen i Stordalen
- 086/2022 Delegerte saker
- 087/2022 Referatsak

24. august 2022

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|-------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | | 22/749 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 078/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|-------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | | 22/749 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 079/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------------------|--------|------------|
| Svein Helge Hofslundsengen | FA-S09 | 19/430 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 080/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |
| | Kommunestyret | PS | |

Kraftmelding pr. 30.06.2022

Journalposttittel

Kraftmelding pr. 30.06.2022

Dato

24.08.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftmeldinga pr. 30.6.22 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret den 13.12.2016 samla seg om at førebels utgåve av Kraftmeldinga var noko ein kunne bygge vidare på. Dei var og samde i at Kraftmeldinga vart lagt fram 2 gonger i året; pr. utgangen av juni og desember.


Fakta

Viser til sjølve kraftmeldinga som følgjer som vedlegg.

Vurdering

2021 hadde kommunen samla kraftinntekter med knappe 53 mill.kr., medan kraftinntektene ser ut til å passere 70 mill.kr i 2022 med dagens prognosar, som inneber ein auke på 30%.

| | Rekneskap | Rekneskap | Rekneskap | prognose | |
|---------------------------------|------------|------------|------------|---------------|------------|
| | 31.12.2019 | 31.12.2020 | 31.12.2021 | budsjett 2022 | pr 30.6.22 |
| Konsesjonsavgifter: | 3 168 580 | 3 171 069 | 3 199 992 | 3 171 000 | 3 200 000 |
| Naturressursskatt: | 12 035 661 | 11 530 541 | 12 137 785 | 11 500 000 | 11 500 000 |
| trekk inntektutjamning | -3 280 000 | -3 143 000 | -2 248 000 | -2 200 000 | -2 200 000 |
| Konsesjonskraft: | 14 349 471 | -1 182 026 | 12 592 064 | 12 700 000 | 30 742 810 |
| eigedomsskatt kraftverk & nett: | 20 250 859 | 24 650 512 | 26 346 649 | 24 498 000 | 24 498 000 |
| utbytte | 797 589 | 621 486 | 828 648 | 650 000 | 948 000 |
| sum kraftinntekter: | 47 322 160 | 35 648 582 | 52 857 138 | 50 319 000 | 68 688 810 |



Konklusjon

Kraftmelding pr. 30.juni 2022 skal gje ei relevant statusvurdering kring nokre sentrale forhold kring kraftinntektene – og tilrår at meldinga vert teken til vitring.

Kraftmelding pr. 30.06.2022



Masfjorden kommune



Bakgrunn

13.12.2016 KOMMUNESTYRET


Kommunestyret samla seg om at førebels utgåve av Kraftmeldinga var noko ein kunne bygge vidare på. Dei var og samde i at Kraftmeldinga vart lagt fram 2 gonger i året; pr. utgangen av juni og desember.

Tema i kraftmeldinga pr. 30.juni 2022

1. Kraftpris
2. Kraftinntekter pr. 30.6.22
3. Budsjett og prognose kraftinntekter 2022
4. Innkjøp av kraft til eige bruk
5. Tiltak mot høg kraftpris
6. Nokre andre relevante saker

1.1. Kraftpris – spot

22. august 2022



Systempris øre/kWh historisk låg 2020.

Eksempel på presse/mediaoppslag i 2020

Ny bunnrekord: Strømprisen nede i 0,66 øre i morgen

Lørdag slår strømprisene alle tidligere bunn-rekorder. Både den nordiske systemprisen, norske områdepriser og norsk timepris er de laveste i historien.

Kraftprisen snudd i 2021;

Kraftprisen har i store deler av 2021 vore høg, og med eit snitt hittil i år 51,1 øre i vår prisområde og siste veke heile 76,6 øre/kWh, som er svært uvanleg til å vere ei sommarveke

Og kraftprisen for 2022 har gått ytterlegare kraftig opp, og på nivå ein aldri tidlegare har sett

2.1. kraftinntekter pr. 31.12.21

| | Rekneskap | Rekneskap | prognose | Rekneskap |
|---------------------------------|------------|------------|-------------|------------|
| | 31.12.2019 | 31.12.2020 | pr. 30.6.21 | 31.12.2021 |
| Konsesjonsavgifter: | 3 168 580 | 3 171 069 | 3 170 931 | 3 199 992 |
| Naturressursskatt: | 12 035 661 | 11 530 541 | 11 500 000 | 12 137 785 |
| trekk inntektutjamning | -3 280 000 | -3 143 000 | -2 200 000 | -2 248 000 |
| Konsesjonskraft: | 14 349 471 | -1 182 026 | 7 372 194 | 12 592 064 |
| eigedomsskatt kraftverk & nett: | 20 250 859 | 24 650 512 | 26 350 000 | 26 346 649 |
| utbytte | 797 589 | 621 486 | 829 000 | 828 648 |
| sum kraftinntekter: | 47 322 160 | 35 648 582 | 47 022 125 | 52 857 138 |


Konsesjonsavgift er knytt til kraftfondet og eige årsbudsjett for desse midlane

2.2. kraftinntekter pr. 30.06.22, samt budsjett og prognose kraftinntekter 2022

Det er ikkje vesentlege endringa i forventa kraftinntekter 2022 i høve justet budsjett, pr. 30.6.22, for andre postar enn konsesjonskrafta.


Pr. 1.halvår var inntekta for konsesjonskrafta på 15,7 mill.kr., og prognosen for resten av året utgjorde pr. 1.halvår ytterlegare 15 mill.kr. høgare inntekt, samla over 30,7 mill.kr.. Opphavleg budsjett var på 3,4 mill.kr. i 2022. Volum som vi sel i 2022 utgjer 51,3 GWh. Held straumprisen seg på eit høgt nivå gjennom 2.halvår 2022 (slik det ser ut pr. dato) – så kan ein pårekne større gevinst enn 30,7 mill.kr for konsesjonskrafta for 2022.

| | Rekneskap | Rekneskap | Rekneskap | prognose | |
|---------------------------------|------------|------------|------------|---------------|------------|
| | 31.12.2019 | 31.12.2020 | 31.12.2021 | budsjett 2022 | pr 30.6.22 |
| Konsesjonsavgifter: | 3 168 580 | 3 171 069 | 3 199 992 | 3 171 000 | 3 200 000 |
| Naturressursskatt: | 12 035 661 | 11 530 541 | 12 137 785 | 11 500 000 | 11 500 000 |
| trekk inntektutjamning | -3 280 000 | -3 143 000 | -2 248 000 | -2 200 000 | -2 200 000 |
| Konsesjonskraft: | 14 349 471 | -1 182 026 | 12 592 064 | 12 700 000 | 30 742 810 |
| eigedomsskatt kraftverk & nett: | 20 250 859 | 24 650 512 | 26 346 649 | 24 498 000 | 24 498 000 |
| utbytte | 797 589 | 621 486 | 828 648 | 650 000 | 948 000 |
| sum kraftinntekter: | 47 322 160 | 35 648 582 | 52 857 138 | 50 319 000 | 68 688 810 |




Konsesjonskraft, status pr 30.6.22 innber at ein har nådd justert budsjett 2022, og med basis i noverande straumpris har vi ein prognose på verdien av konsesjonskrafta 30,7 mill.kr. pr 30.6.2022. Utbytte, her har ein fått inn kr. 948.000 mot eit budsjett på 650.000

Basert på siste årsprognose, pr. utgangen av juli (auke med 2,2 mill.kr. denne mnd), vil ein få følgjande gevinst på konsesjonskrafta 2022



3.1. budsjett og prognose kraftinntekter 2022 og historisk oversikt



2021 hadde kommunen samla kraftinntekter med knappe 53 mill.kr., medan kraftinntektene ser ut til å passere 70 mill.kr i 2022 med dagens prognosar, som inneber ein auke på 30%.

4. Innkjøp av kraft til eige bruk

Høg kraftpris gjer at innkjøp av kraft til eigne tenester vert ein del dyrare enn budsjettert. Noverande avtale er basert på 50% fastpris (31,7 øre/kWh og 50% spot av forventa forbruk. Forbruk utover dette vil gå til spotpris

5. Tiltak mot høg kraftpris

Viser til protokoll i samband med kommunestyremøte 24.2.22.

6. Andre relevante saker

Invitasjon til å koma med innspel om vilkårsrevisjon for Matrevassdraget og Haugdalsvassdraget

Masfjorden kommune sendte 8. april 2020 krav om revisjon av konsesjonsvilkår for Matrevassdraget og Haugdalsvassdraget til...

05.03.2021

1. Vilårsrevisjon

Oppstartsmøte med BKK av den 16.mars 2021, med flg. forventa prosess;



Liten/ingen framdrift pr. dato

2.

Inntektssystemutvalget

Inntektssystemutvalget ble nedsatt i mai 2020, og skal foreta en helhetlig gjennomgang av inntektssystemet for kommunene.

Utvalget skal vurdere de ulike elementene i dagens inntektssystem, og komme med forslag til utforming av inntektssystemet for kommunene.

Utvalget skal levere sin utredning innen 1. juni 2022. Fristen er senere blitt utsatt til **26. august 2022.**

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
| Kjartan Nyhammer | Gbnr-27/10, TI-&18 | 22/516 |

| | | | |
|--------------|---------------|-------------|-------------|
| Saknr | Utval | Type | Dato |
| 081/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Søknad om konsesjon for kjøp av GBNR 27/10 Nørland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev Stian Grøtte og Jan Børge Søviknes konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen GBNR 27/10 Nørland . Den avtalte kjøpesummen er kr. 2.300.000 . Vedtaket har heimel i §§1,2 og 9 i konsesjonslova. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurdering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Stian Grøtte og Jan Børge Søviknes søker konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen GBNR 27/10 i Masfjorden kommune

Fakta

Søklarane er kameratar som ynskjer å eige eigedomen saman og har felles planar og ambisjonar for eigedomen. Søklarane ynskjer ikkje å busette seg på eigedomen, men vil utvikle næringsaktivitet basert på eigedomen sine ressursar. Planen er ikkje tradisjonell gardsdrift. Tilrettelegging for turisme og friluftsliv er stikkord i planane til søklarane.

Søklarane har begge lang erfaring med jakt.

Formålet med kjøpet er næringsutvikling og tilrettelegging for friluftsliv basert på garden sine ressursar.

Kjøpesummen er kr 2.300.000

Eigedomen GBNR 27/10 Nørland :

Planstatus

I arealdelen til kommuneplanen er området avsett til LNF – formål (landbruk, natur og

friluftsliv)

Areal

| | | | | | |
|----------------|---------------------|---------------|----------------|------------|------------|
| Fulldyrka jord | Overflatedyrka jord | Innmarksbeite | Produktiv skog | Anna areal | <u>Sum</u> |
| 13,9 | 0 | 19,6 | 334,9 | 901,4 | 1269,8 |

Bygninger m.m

| Bygninger | Byggeår | Grunnflate, m2 (BTA) | Etasjar | Teknisk stand |
|---------------|---------|----------------------|---------|---------------|
| Våningshus | 1930 | 161 | 2 | Middels |
| Driftsbygning | 1930 | 137 | 2,5 | Dårleg |

Det er også restar av eit gardssagbruk på eigedomen.

Om lag 250 meter frå våningshuset ligg standplass for den lokale skytebana.

Det er ca 2200 meter på privat bilveg nede frå bygda og inn til tunet på eigedomen.

Sakshandsamar var på synfaring på eigedomen 24.juni 2022. Mykje av innmarka hadde god berefast jord, men det var nokre parti mot elva som var blaut. Det er liten høgdeforskjell mellom innmarka og elva. Innmarka ber preg av å ikkje vorte slått på mange år. Våningshuset var i overraskande bra stand. Men det må gjerast ein del med tanke på vasskjelde og avløp m.m.

Kart





Vurdering

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova § 1, 9 og rundskriv M -3 /2017 Konsesjon, priskontroll og boplikt. «Konsesjonslova har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforholds om er mest gagnlige for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eiendom, og omsynet til busetjinga»

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eiendom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkerar:

1. Om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

Det går fram av rundskriv M2/2017 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord ikkje er underlagt noko krav om priskontroll. Denne eiendomen fell inn under dette.

2. Om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i område

Eiendomen er konsesjonspliktig fordi den er over 100 dekar og bebygd. Den har mindre enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord, og er difor ein eiendom som ikkje har lovbestemt buplikt. Dersom kommunen finn det viktig å styrke busettinga i området kan kommunen sette vilkår om buplikt i løyvet om konsesjon.

Masfjorden kommune sitt folketal har svinga ein del dei siste 20 åra på 1600 – 1700 innbyggjarar. Grunna geografisk plassering tett på skytebane, lang privat veg opp frå bygda og svakt ressursgrunnlag med tanke på husdyrhald finn kommunen ikkje grunn til å sette vilkår om buplikta. Stortinget heva arealgrensa for den lovpålagte buplikta i 2017 frå 25 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord til 35 dekar. GBNR 27/120 har 14 dekar fulldyrka jord ifølgje Nibio sitt gardskart.

2. Om overtaking medfører ei driftsmessig god løysing

Får 1.juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan 1 år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet. Dersom driveplikta ska oppfyllest med bortleige, må avtalen vere skriftleg, gjelde for 10 år om gongen og gje ei driftsmessig god løysing.

Innmarka framstår som at den ikkje har vore i drift dei seinare år. At nye eigarar kjem inn og tek ansvar for at innmarka vert stelt og hausta er positivt for ressursgrunnlaget på eigedomen og for samfunnet som ynskjer å verne om dyrka jord.

4. Om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen

Søklarane har ikkje pr i dag ikkje kompetanse til tradisjonell drift med grasdyrking og husdyrhald. Men dei ynskjer å kjøpe naudsynt hjelp for å sette innmarka i stand og ta ansvar for at den vert slått eller beita.

5. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Kulturlandskapet vert ivareteke gjennom driveplikta. Søklarane ynskjer å sette i stand igjen alle bygningane på eigedomen og nytte dei til fritidsbruk og næring. Hjortejakta på eigedomen er organisert gjennom eit vald der eigedomen er saman med fleire andre eigedomar i området.

Eigarform

Det er to kameratar som søker om konsesjon. Kor stor andel den enkelte skal eige går ikkje fram av søknadane deira.

Sameige er ein eigarform som rundskriv og praksis tilseier at ein bør unngå så langt det let seg gjere. Fare ved sameige er at usemje mellom eiganae kan råke drift, busetting og forvaltning av ressursgrunnlaget på eigedomen.

Rundskriv M-1/2021 «Konsesjon, priskontroll og boplikt» punkt 5.2.7 omtaler sameige på landbrukseigedomar. Der vert dei generelle ulempene med sameige trekt fram. Men det står vidare at ulempevurderinga må baserast på forholda i den enkelte sak.

I denne saka er det to vener som har kjent kvarandre i mange år og jakta ilag. Såleis er det trygg på kvarandre og har begge same ambisjonsnivå for eigedomen. Begge er i same livssituasjon med små born. Med tanke på våningshuset har dei definert og avtalt kva rom som er felles og kva rom som den enkelte eigar disponerer.

Det er eit avgrensa ressursgrunnlag på eigedomen med tanke på tradisjonell jordbruksdrift, skogsdrift, jakt og bygningsmasse. Driveplikta ligg fast. Såleis er det liten risiko knytta til dei interesser som det offentlege skal ivareta ved å gje konsesjon til sameige i denne saka.

Konklusjon

Det å gje konsesjon til søkjarane Stian Grøtte og Jan Børge Søviknes i denne saka stettar formålet i konsesjonslova og dei punkt som spesielt vedkjem landbrukseigedomar. Søkjarane får konsesjon for kjøp av GBNR 27/10 Nørland.

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------|------------|
| Oddvin Arne Neset | FA-F08 | 21/41 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 082/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |
| | Kommunestyret | PS | |

Masfjorden frivilligsentral - etablering og vedtekter

Journalposttittel

Framlegg til vedtekter til Masfjorden Frivilligsentral
Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler - Lovdata

Dato

23.08.2022
24.08.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune overtek drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023.
2. Det vert oppretta 100% stilling som frivilligkoordinator frå 1.1.2023.
3. Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral vert vedtekne slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statlege styresmakter har gjennom stortingsmelding nr. 10 (2018-2019) «Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig» auka innsatsen og merksemda på frivillig arbeid i kommunane. I tillegg peikar stortingsmelding nr. 15 (2017-2018) «Leve hele livet» på at det offentlege i større grad må rette fokus på den ressursen som ligg i frivillig arbeid.

Formannskapet sette i februar 2021 ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med å fornye Masfjorden frivilligsentral (FS-008/21). Frivilligsentralen vart stifta 01.09.91 med Masfjorden sokn som eigar. Sentralen har hatt ein 20% ressurs til dagleg leiar. Dette har vore for lite til å drive koordinering av frivillig arbeid i kommunen.

Arbeidsgruppa starta opp arbeidet i februar 2021, og gjorde først ei kartlegging av krav og mogleg innhald i ein utvida frivilligsentral, då ved å kontakte andre frivilligsentralar, fylket, og Norges frivilligsentralar. I september 2021 inviterte arbeidsgruppa lag og organisasjonar til eit felles møte for å avdekke ynskjer og behov hjå folk i Masfjorden for ein slik sentral. Det var godt frammøte og ei god kartlegging vart gjort. Behov for ein frivilligsentral i Masfjorden i større omfang enn det som har vore kom tydeleg fram. Arbeidsgruppa har deretter jobba fram eit forslag til innhald, rammer, organisering og økonomi, og med det også nye vedtekter.

På bakgrunn av rapport utarbeida i 2021 frå arbeidsgruppa, gjorde kommunestyret vedtak i sak

052/21 at «Masfjorden kommune seier seg villig til å ta over drifta av frivilligsentralen i Masfjorden kommune dersom Masfjorden sokn finn dette føremålstenleg. Ved ei slik overføring kan Masfjorden kommune også tilby å ta over arbeidsgjevaransvaret for personalressursen på 20% som er knytt til sentralen i dag.» Masfjorden sokn har stadfesta at dette er samanfallande med soknet sitt ynskje.

Vurdering:

Statlege styresmakter har peika på at det offentlege vil vere heilt avhengig av innsats frå frivillige for å ivareta gode velferdstilbod i framtida. Frivilligsentralen har i oppgåve å kople frivillige med innbyggjarar som har behov for bistand som går ut over det dei offentlege tenestene pliktar å ivareta. Gjennom sentralen ynskjer ein å stimulere til eit levande lokalmiljø, møter på tvers av generasjonar og auka livskvalitet for innbyggjarane.

Døme på oppgåver sentralen kan hjelpe innbyggjarane med:

- Praktisk hjelp til oppgåver i heimen, eks. snømåking m.m.
- Koordinere kurs innan digital kompetanse, jmf. prosjekt for «Digital utanforskap», «Leve heile livet» og «Stiftelsen Verdighetscenteret»
- Hjelp til å kunne bruke digitale verktøy, kurs og rettleiing.
- Transporttenester.
- Konsept «venn»-tilbod, eks. besøksven.
- Hjelp til å delta i aktivitetar.
- «Velkomstpakke» for nye innbyggjarar og særskilt for flyktningar.
- Opprette uforpliktande møteplassar.

Døme på offentlege aktørar sentralen kan samarbeida med:

- Samarbeid med NAV - td. arbeidstrening og støttekontaktar.
- Samarbeid med sjukehus/ heimetenesta i samband med retur av utskrivne pasientar.
- Samarbeid med vidaregåande opplæring i høve lærlingar og TAF-elevar.
- Samarbeid med grunnskulen i høve faget "Innsats for andre".
- Samarbeid med Einekavane.
- Internt samarbeid med andre avdelingar, særskilt kultur, bibliotek, flyktningetenesta, skule, barnehage, helse og omsorg.

Døme på samarbeid med lag og organisasjonar:

- Hjelp til å få ut informasjon om laga sine aktivitetar (kalender)
- Hjelp til å søkje eksterne midlar, og ha oversikt på aktuelle finansielle kilder (tilgang søknadsportalen).
- Kople frivillige einskildpersoner inn mot aktivitetar i lag og organisasjonane.
- Kople frivillige mot profesjonelle aktørar, i samhandling med kultur og oppvekst, helse og omsorg.
- Fungere som formidlar av kompetanse retta mot arbeid i lag og organisasjonar.

Døme på samarbeid med enkeltpersonar som ynskjer å bidra til frivillig arbeid:

- Sjå til at den einskilde frivillige stetter formelle krav til å gå inn i det frivillige arbeidet, td. rutiner for innhenting av politiattest og teiepliktserklæring.
- Bidra med kompetansetilføring/ opplæring til dei som skal yte frivillig arbeid.
- Legge til rette for at personar i arbeidstrening kan gå inn i oppgåver i det frivillige arbeidet.
- Informere om behov, og legge til rette for at personar kan melde seg til frivillig arbeid.
- Nettverksbygging og sosialt samkvem for frivillige.
- Nabohjelp – legge til rette for utføring av praktiske oppgåver.

Rammer:

Tidleg i arbeidet kom det fram at ein frivilligsentral har ei stor koordineringsrolle. Noko av dette er synleggjort over. Arbeidsgruppa er tydeleg på at ei 100% stilling for dagleg leiar er naudsynt for å etablere ein ny sentral. Dette vart signalisert i sak vedkommande kommunal overtaking. Ein har lenge venta på ei avklaring når det gjeld statleg finansiering av frivilligsentralane, og ulike modellar har vore vurdert. I sommar kom det ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar som trer i kraft frå 1.8.2022. Den nye modellen for statleg tilskot til frivilligsentralar har vilkår om minimum 100% stilling i sentralen for å få tilskot. Forskrifta legg også til grunn at kommunen sjølv må skyte inn minimum 40% av sentralen sine samla driftsinntekter. Stortinget vil årleg løyve ei ramme til frivilligsentralar i statsbudsjettet. Den statlege ramma vert fordelt likt på alle frivilligsentralane i landet, uavhengig av storleik, så lenge ein har ei drift som fyller vilkåra i forskrifta. For 2022 er tilskotet kr.448 000 per sentral. Kommunen si eigafinansiering vert då minimum kr. 180.000,-. Drifta av frivilligsentralen må innarbeidast i budsjettet for 2023.

Bemanning:

I utgangspunktet treng ein frivilligkoordinator i heil fast stilling. Det er ingen tilsette som vert overførte frå Masfjorden sokn. Det er difor naudsynt med nyrekruttering i heile stillinga.

Organisering:

Det er ikkje avklart kva etat eller eining frivilligsentralen vil verte organisert under. Sentralen vil i alle høve samarbeide tett med frivillige og med alle kommunale einingar, både kultur, oppvekst, bibliotek, fyktningetenesta og pleie og omsorgstenesta.

Arbeidsgruppa sitt forslag til vedtekter er justert av råmannen for at drifta skal vere best mogeleg tilpassa kommunen si drift, men samstundes er stemma til dei frivillige teke inn i sentralen gjennom ressursgruppe og årleg fellesmøte.

Konklusjon

Rådmannen innstiller på følgjande:

1. Masfjorden kommune overtek drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023.
2. Det vert oppretta 100% stilling som frivilligkoordinator frå 1.1.2023.
3. Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral vert vedtekne slik dei ligg føre.

Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral


Forslag til vedtak i kommunestyret 16.september 2022

Målsetting.

- Masfjorden frivilligsentral er ein møteplass for dei som driv frivillig arbeid.
- Frivilligsentralen skal gjennom å stimulera til frivillig arbeid, bidra til å utvikla eit levande lokalmiljø der folk møtest, deltek aktivt, samarbeider, bruker evner, utviklar interesser, og tek medansvar i ulike oppgåver.
- Frivilligsentralen er for alle innbyggjarar i alle aldrar, og på tvers av generasjonar.
- Frivilligsentralen sine tenester skal vera eit supplement til offentlege og private tilbod.
- Frivilligsentralen skal fremja og utvikla frivillig innsats til det beste for enkeltpersonar, grupper, organisasjonsliv og lokalmiljø i Masfjorden kommune.
- Frivilligsentralen skal bidra til å auka livskvalitet for innbyggjarane.

Organisering og eigarskap.

- Masfjorden kommune eig Masfjorden frivilligsentral, og driv denne i samarbeid med lag, organisasjonar og uorganiserte frivillige.
- Frivilligsentralen inngår i kommunen sitt budsjett- og rekneskap. Utgifter og inntekter til sentralen skal synast der.
- Kommunen har arbeidsgjevaransvar for frivilligkoordinator og andre tilsette.
- Frivilligkoordinator har ansvar for den daglege drifta av frivilligsentralen.
- Årleg fellesmøte for frivillige lag og organisasjonar er rådgjevande organ for Frivilligsentralen. Årsmøtet vel ei ressursgruppe som skal støtte og gje råd til frivilligkoordinator i arbeidet.



Viktige oppgaver.

Frivilligsentralen skal utvikla aktivitet og tilbod drive i eigen regi, og bidra til samarbeid med og mellom frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, kommunen og andre, som til dømes Nav og Einekavane.

Sentralen skal:

- Arbeide for å ha oppdatert oversikt over kva innbyggjarar i Masfjorden ynskjer og treng av tilbod og ordningar som kan organiserast som frivillig innsats.
- Inspirere til frivillig innsats og samarbeid i lokalmiljøet.
- Leggja til rette for at alle som ønskjer det skal kunne delta som frivillige.
- Sørgje for utvikling av bredde og variasjon i aktivitetstilbodet.
- Prioritere frivillig innsats for personar der behov i liten grad er dekket.
- Informere om frivillig arbeid, og gje råd og rettleiing om dette.
- Bidra til auka verdsetjing av frivillig arbeid.

Prinsipp for arbeidet.

- Frivillige skal kunne delta på eigne premisser, utifrå eigne interesser, føresetnader og evner, og bestemmer sjølve omfanget av arbeidet.
- All aktivitet skal vera kjenneteikna av inkludering, likeverd, medverknad, og motverke diskriminering.
- Behovet for og ynskje om frivillig innsats skal vere styrande for innhald og aktiviteter i sentralen.
- Frivilligsentralen skal ikkje erstatta lovpålagte offentlege oppgaver.
- Frivillig arbeidet er uløna, men sentralen kan dekke faktiske utgifter etter avtale.

Årleg fellesmøte lag og organisasjonar

Frivilligsentralen skal gjennomføre årleg fellesmøte med lag og organisasjonar som er involvert i det frivillige arbeidet i kommunen.

- Fellesmøtet skal vera eit møtepunkt og ein arena for dialog og samskaping mellom ansvarlege og involverte i sentralen, og gje råd om drift til kommunen.
- Fellesmøtet kan gje innspel som gjeld planar og satsingsområde for drift og utvikling av sentralen og anna aktuelt frivillig arbeid i kommunen.
- Fellesmøtet skal utpeike ressursgruppe som skal støtte frivilligkoordinator i arbeidet med planlegging av aktivitetar.
- Fellesmøtet vert halde innan utgangen av februar.


Frivilligkoordinator

- er tilsett i Masfjorden kommune.
- er delegert ansvar og oppgaver for dagleg drift og utvikling av sentralen
- skal sjå til at sentralen blir driven i samsvar med gjeldande lovverk, nasjonale retningslinjer, egne vedtekter, planar og avtaler.
- organiserer arbeidet i sentralen og fordeler oppgaver til andre.
- skal følge opp planlagde aktivitetar.

Frivilligpris

- Frivilligprisen kan delast ut kvart år eller når Formannskapet gjer vedtak om slik tildeling.
- Føremålet med prisen er å synleggjere frivillig arbeid i Masfjorden kommune og å inspirere til frivillig innsats.
- Frivilligprisen kan delast ut til ein person, ei lokal foreining eller ei gruppe som har utmerka seg med frivillig, ubetalt innsats, engasjement, initiativ og pågangsmot til beste for enkeltpersonar, grupper eller samfunnet.

Vedtektene har verknad frå og med 1.1.2023.



LOV DATA

Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler

| | |
|----------------|---------------------------------------|
| Dato | FOR-2022-06-30-1272 |
| Departement | Kultur- og likestillingsdepartementet |
| Ikrafttredelse | 01.08.2022 |
| Hjemmel | Stortingets årlige budsjettvedtak |
| Kunngjort | 01.07.2022 kl. 15.30 |

Hjemmel: Fastsatt av Kultur- og likestillingsdepartementet 30. juni 2022 med hjemmel i Stortingets årlige budsjettvedtak.

§ 1. Formål

Tilskuddsordningen skal bidra til å skape gode og forutsigbare rammevilkår for frivilligsentraler. Frivilligsentralene skal stimulere til frivillig innsats, være åpne møteplasser for befolkningen og være et bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

§ 2. Virkeområde

Forskriften gjelder tilskudd til kommuner øremerket frivilligsentraler.

§ 3. Hvem kan søke

Kommuner kan søke tilskudd til frivilligsentraler i sin kommune. Kommunen skal involvere frivillig sektor når det gjelder opprettelse, nedleggelse og drift av frivilligsentraler.

§ 4. Beregning av tilskudd

Alle kommuner som søker ordningen mottar et tilskudd basert på antallet frivilligsentraler i kommunen som oppfyller kravene i § 7.

§ 5. Forvaltning

Lotteri- og stiftelsestilsynet forvalter ordningen på vegne av Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kommunen overfører tilskuddet i sin helhet til frivilligsentralen(e). Tilskuddet skal fordeles likt mellom frivilligsentralene i kommunen.

§ 6. Krav til søknaden

Følgende skal bekreftes i kommunens søknad om tilskudd:

- a. at frivilligsentraler som mottar tilskudd oppfyller kravene i § 7
- b. at kommunen har involvert frivillig sektor jf. § 3.

§ 7. Krav til frivilligsentralen

For å kunne motta tilskudd via kommunen må frivilligsentralen:

- a. drive virksomhet i samsvar med formålet i forskriftens § 1, tilpasset lokale forutsetninger og behov
- b. være eid og driftet av enten en kommune, en virksomhet i Frivillighetsregisteret, et samvirkeforetak der samtlige medlemmer er kommuner og/eller virksomheter i Frivillighetsregisteret, eller en kombinasjon av de nevnte
- c. ha et rådgivende organ som kan påvirke driften av frivilligsentralen, der frivilligheten er representert
- d. ha eget regnskap og årsrapport
- e. ha tilgang på fysiske lokaler
- f. ha minst ett årsverk, som hovedregel én person i 100 prosent stilling
- g. ha lokal finansiering tilsvarende minst 40 % av frivilligsentralens totale driftsinntekter
- h. benytte ordet «frivilligsentral» eller likelydende i frivilligsentralens navn.

§ 8. Gratis utlån av frivilligsentralens lokaler

Frivilligsentralen oppfordres til å gjøre sine lokaler tilgjengelig for gratis utlån til frivillige organisasjoner når frivilligsentralens behov for lokalene er dekket, så langt det er praktisk mulig.

§ 9. Klageadgang

Vedtak kan påklages, jf. forvaltningsloven § 28 første ledd. Kultur- og likestillingsdepartementet er klageinstans for Lotteri- og stiftelsestilsynets vedtak etter forskriften.

§ 10. Rapport

Kommunen skal rapportere om bruken av midler for det foregående året innen neste års søknadsfrist. Det skal fremgå hvilket beløp hver frivilligsentral har mottatt.

§ 11. Kontroll av tilskuddet

Lotteri- og stiftelsestilsynet kan foreta kontroll med at vilkårene i forskriften er oppfylt. Kommuner og frivilligsentraler plikter å medvirke til slik kontroll, herunder gi relevante opplysninger mv.

§ 12. Tilbakebetaling

Dersom utbetalt tilskudd ikke er nyttet i samsvar med forutsetningene, kan departementet eller tilskuddsforvalter kreve hele eller deler av tilskuddet tilbakebetalt, stoppe videre utbetalinger eller trekke fra beløp i senere tildeling av tilskudd.

Dersom det utbetales uberettiget eller feil tilskudd kan dette også helt eller delvis kreves tilbake.

§ 13. Økonomisk ramme

Den økonomiske rammen for ordningen fastsettes gjennom den årlige budsjettbehandlingen i Stortinget.

§ 14. Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft fra 1. august 2022.

§ 15. Unntak

Departementet kan i særlige tilfeller gjøre unntak fra forskriften.

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Camilla Hjelmeland | FA-X03 | 22/487 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 083/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2022 - Leger uten grenser

Journalposttittel

Masfjorden søknad kommunebidrag
TV-aksjonen 2022 - Leger uten grenser

Dato

02.06.2022
16.05.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

[Skriv inn framlegg til vedtak her](#)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

TV-aksjonen NRK 2022 går til Leger utan grensers arbeid for å kunne gje livreddande helsehjelp og medisinar til dei som treng da mest.

I prosjektskildringa står det mellom anna at det er millionar av menneske som ventar på å bli behandla av ein lege. Årets TV-aksjon skal gå til å forebyggje livstruande sjukdommar, utvikle medisinar og behandle pasientar.

Med TV-aksjonen skal vi bidra til å forebyggje epidemier og behandle kjende og ukjende sjukdommar i fire land: Bangladesh, Den sentralafrikanske republikk, Den demokratiske republikken Kongo og Sierra Leone. Årets TV-aksjon går av stabelen 23.oktober.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at Masfjorden kommune i mange år har gjeve bidrag til TV-aksjonen, og meiner at Leger utan grensers arbeid for å kunne gje livreddande helsehjelp og medisinar til dei som treng da mest, er viktig.

Ei løyving på kroner 10.000,- til dette arbeidet kan takast over kommunen sitt disposisjonsfond.



Til Karstein Totland

Bergen, 1. juni 2022

TV-aksjonen NRK Leger Uten Grenser 2022 – Oppfordring til bidrag

Først og fremst ønsker jeg å takke Masfjorden kommune for støtte til TV-aksjonen i fjor. Samarbeidet med dere har en lang tradisjon. Dette er avgjørende for mobiliseringen av innbyggerne og for bøssebærerne som går årets viktigste søndagstur på aksjonsdagen. Masfjorden kommune har også tradisjon for å bidra til TV-aksjonen med et pengebidrag. Vi håper at dere vil videreføre tradisjonen med å gi et bidrag i år også.

TV-aksjonen NRK er verdens største dugnad. 7000 fantastiske frivillige over hele landet jobber for å mobilisere 100 000 bøssebærere, og organisere TV-aksjonen lokalt. Med TV-aksjonen bidrar vi som nasjon til ulike bærekraftsmål hvert år. TV-aksjonen er derfor et viktig verktøy der lokalt engasjement bidrar til endringer globalt. Denne lokale mobiliseringen for TV-aksjonen gjør verden til et litt bedre sted hvert eneste år. Det er det god grunn til å være stolt av!

TV-aksjonen NRK 2022 går til Leger Uten Grensers arbeid for å gi livreddende helsehjelp og medisiner til mennesker som trenger det mest. I år går TV-aksjonen av stabelen 23. oktober.

Akkurat nå venter millioner av mennesker på å bli behandlet av en lege. For mange står det om livet, men tilgang til helsehjelp er ingen selvfølge. Med årets TV-aksjon skal vi bidra til å forebygge epidemier og behandle kjente og ukjente sykdommer i fire land: Bangladesh, Den sentralafrikanske republikk, Den demokratiske republikken Kongo og Sierra Leone. Vi skal gi vaksiner, tilgang til livreddende medisiner og helsehjelp. I samarbeid med forskningsorganisasjonen DNDi skal deler av TV-aksjonsmidlene også brukes til å utvikle medisiner mot glemte, dødelige sykdommer. Sammen redder vi liv!

Slik bidrar dere enkelt: For å synliggjøre det brede engasjementet fra alle landets kommuner registreres alle bidragene på giverstafett.no fra 1. august. Når bidraget er registrert blir faktura tilsendt umiddelbart på e-post. Det går også an å laste ned faktura som PDF etter at bidraget er registrert.

Om du ikke mottar faktura på e-post umiddelbart ber vi dere ta kontakt med fylkesaksjonsleder som kan bistå dere.

Registrerte og innbetalte beløp blir en del av statistikken for deres kommune på aksjonsdagen.

Med vennlig hilsen

Marthe Jansen
Fylkesaksjonsleder Vestland

23. OKTOBER 2022



TV-AKSJONEN NRK

Til Karsten Totland i Masfjorden kommune

BERGEN, 13. mai 2022

Anmodning til ordfører om å opprette og lede en kommunekomité for TV-aksjonen NRK 2022

På vegne av TV-aksjonen ønsker vi å takke for samarbeidet under fjorårets aksjon der vi engasjerte hele landet i kampen mot barneekteskap. Sammen jobbet vi med flere av bærekraftsmålene. Dere har virkelig imponert oss, og vi er veldig glade for det gode samarbeidet rundt organiseringen av fjorårets innsamling.

I vårt felles arbeid med TV-aksjonen bidrar vi som nasjon til ulike bærekraftsmål hvert år. Vi ser at lokalt engasjement gir endringer globalt. Den lokale mobiliseringen for TV-aksjonen gjør verden til et litt bedre sted hvert eneste år. Dette er det god grunn til å være stolt av.

Kommunekomiteene er helt essensielle for en vellykket TV-aksjon. Mobilisering av bøssebærere og samhandling mellom det offentlige, de frivillige, skoler og næringsliv gir fantastiske resultater år etter år. Her er du som ordfører en viktig leder for å forankre samarbeidet på tvers av ulike sektorer i kommunen. I år er det også frivillighetens år. Det gir oss en ekstra mulighet til å hylle de gode frivillige som stiller opp for TV-aksjonen. Sammen skaper vi – i lille Norge – det som er verdens største innsamlingsaksjon. TV-aksjonen bidrar til en viktig sak hvert år, samtidig skapes felles opplevelser for lokalsamfunn.

Dette vil vi gjerne invitere deg som ordfører med på. Vi håper du vil fortsette tradisjonen, og påta deg vervet som leder for kommunekomiteen i Modalen kommune. Oppgaven vil blant annet bestå av:

- Sette sammen og lede kommunekomiteen
- Inspirere og motivere lokalsamfunnet til å engasjere seg.
- Skape forankring for god samhandling i kommunen.

TV-aksjonen NRK 2022 går til Leger Uten Grensers arbeid for å gi livreddende helsehjelp og medisiner til mennesker som trenger det mest. I år går TV-aksjonen av stabelen 23. oktober.

Akkurat nå venter millioner av mennesker på å bli behandlet av en lege. For mange står det om livet, men tilgang til helsehjelp er ingen selvfølge. Årets TV-aksjon skal gå til å forebygge livsfarlige sykdommer, utvikle medisiner og behandle pasienter i noen av verdens glemte kriser.

Med årets TV-aksjon skal vi bidra til å forebygge epidemier og behandle kjente og ukjente sykdommer i fire land: Bangladesh, Den sentralafrikanske republikk, Den demokratiske republikken Kongo og Sierra Leone. Vi skal gi vaksiner, tilgang på livreddende medisiner og legebehandling. I samarbeid med forskningsorganisasjonen DNDi skal deler av TV-aksjonsmidlene også brukes til å utvikle medisiner mot glemte, dødelige sykdommer. Sammen redder vi liv!

Når kommunekomiteen er utnevnt, ber vi om at medlemmene registrerer seg på vårt elektroniske registreringsskjema her: blimed.no/komite

Med vennlig hilsen,

Marthe Jansen
Fylkesaksjonsleder Vestland
Telefon 94 11 11 01

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Sveinung Toft | FA-L12 | 21/670 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 084/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Slutthandsaming av planprogram for områdeplan for Botnneset

Journalposttittel

Planprogram for Botnneset av 11.08.2022

Dato

22.08.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Revidert planprogram av 11.08.2022 for områdeplan for Botnneset vert i medhald av plan – og bygningslova sin § 4-1 godkjent.

Planområdet vert utvida langs fylkesvegen sørover mot Kvamme til forbi avkøyring Bjørkeneset, for å regulere areal til fortau/ gangveg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet vedtok i møte den 18.10.2021, sak 21/670 om oppstart av reguleringsplanarbeid (områdeplan) for Botnneset gnr. 31 bnr. 1 med fl. Vedtaket vart gjort med heimel i plan- og bygningslova sin § 12-9 og § 12-8.

Det vart samstundes og i samsvar med plan – og bygningslova sin § 4-1 også utarbeidd eit framlegg til planprogram for områdeplan for Botnneset som vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn/ høyring. Planprogrammet informerer nærmare om bakgrunnen for planarbeidet, medverknad, organisering og prosess. Viktige problemstillingar for planarbeidet vart her drøfta, samt framlegg til konsekvensutgreiing. Planavgrensinga vart vist på figur 1 på side 4 i planprogrammet.

Det vart slått fast at målet med planarbeidet mellom anna er å få sikra areal til bustader med naudsynt infrastruktur og grøntområde.

Det er no kome inn følgjande innspel til oppstarten av reguleringsarbeidet og til innhaldet i planprogrammet. Desse er nedunder kort referert, og deretter i kursivtekst vurdert av rådmannen.

Alle merknadane vert lagt ved saka slik dei ligg føre:

1. Brev frå Opplysningsvesenets Fond dagsett 19.11.2021, som skriv at dei er positive til at kommunen gjennomfører regulering av det avsette bustadområdet , og at det verkar fornuftig at det vert teke med eit større areal enn det som berre er avsett til bustadområde. Vidare ber dei om å verta involvert i planarbeidet.

Rådmannen tek innspelet til orientering.

2. Brev frå Statens Vegvesen dagsett 10.12.2021, som skriv at det i samband med ein reguleringsplan må det regulerast god tilkomst frå fylkesvegen og ein funksjonell snarveg til Sandnes skule. Det er og føremålstenleg å sikre areal til fortau langs fylkesvegen i planarbeidet. Dei skriv at det i samband med planlegginga av snarvegen, er det viktig å utforme denne med omsyn til at den bør vere funksjonell heile året. Den må difor planleggast med omsyn til lyssetting og vinterdrift. Vidare meiner dei at planområdet bør utvidast mot vest langs fylkesvegen, slik at ein kan regulera nok areal til fortau, og at universell utforming må vera eit tema i planarbeidet.

Planforslaget må etter Statens Vegvesen sit syn og utgreie konsekvensar for:

Planforslaget må også utgreie konsekvensar for:

- Vegnettet
- Framkome og trafiksikkerheit for alle trafikkant grupper
- Drift og vedlikehald
- Renovasjon og andre offentlege tenester
- Byggegrenser mot veg
- Rekkefølgekav
- Eventuell støy
- Korleis punkta ovanfor vert tatt i vare ved realisering av detaljreguleringsplanen

Rådmannen har vurdert innspela frå Statens Vegvesen, og meiner at dei kjem med gode argument for at kommunen bør gjera justeringar i planprogrammet, og at planen bør utvidast lenger vest (til Kvamme ved Bjørkeneset) langs fylkesvegen. Endringane vert vist i nytt revidert planprogram vedlagt saka.

3. Brev frå Fiskeridirektoratet dagsett 10.12.2021, som ber om at eit gytefelt for torsk og lyr som ligg utanfor planområdet må takast omsyn til, og at dette bør utgreiast nærmare i samband med planarbeidet, mellom anna korleis spreining av partiklar, støy m.m. kan påverka gytefeltet.

Rådmannen rår til at planprogrammet fangar opp dette innspelet ved at eventuelle konsekvensar for gytefeltet vert utgreidd, og difor teke med i planprogrammet som eit eiga tema.

4. Brev frå Statsforvaltaren i Vestland dagsett 17.11.2021, som skriv om føremålet med planarbeidet og tidlegare drøftingar som har vore om bruken av dette området i samband med arbeidet med ny kommuneplan sin arealdel. Vidare skriv dei at dei legg til grunn at reguleringsplanen i all hovudsak vil vere i samsvar med kommuneplanen, sjølv om planområdet omfattar meir enn areal sett av til bustad.

Vidare skriv dei at planprogrammet legg etter det dei kan sjå vekt på dei viktigaste temaa som Statsforvaltaren er oppteken av, og konsekvensutgreiinga skal omfatte naturmangfald, overordna

geoteknisk vurdering, landbruk, massedeponering, landskap, skjøtselsplan for friluftsområdet og grønstrukturen, vegtilkomst, drikkevatt, sløkkevatt, avlaup og anna infrastruktur, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og området sin verdi for barn og unge. Dei legg til grunn at det også vert gjort ei samla vurdering av strandsoneverdiar og verknad av utbygginga, slik at ein kan sikre strandsone med stor verdi for framtida.

Rådmannen forstår det slik at Statsforvaltaren langt på veg er nøgd med innhaldet i planprogrammet, og at ein på bakgrunn av dette innspelet ikkje treng gjera endringar i planprogrammet, utover at ein tek med at det må gjerast ei samla vurdering av strandsoneverdiar og verknad av utbygginga.

5. Brev frå Kurt Gjerde, Kjellaug Merkesdal, Odd Magne Gjerde, Mary Hope og Per Magne Hope, dagsett 04.01.2022, som skriv om planføremålet, og meiner at ei utbygging av den sørlege delen av området vil øydeleggja den flotte naturen i strandsona, i tillegg til at sjøutsikta frå eksisterande hus i byggjefeltet vil bli øydelagt. Vidare skriv dei utbygging i den nordlege delen og ligg i strandsona, g at dette er eit fint område, som og vert mykje nytta av skule, barnehage og til friluftsliv. Dei meiner at om det kjem byggjefelt midt i dette området, vil det meste av turløypa ut til Botneset verta øydelagt og lite tenleg som natursti. Dei skriv og at det er nok trafikk som går mellom bustadhuset og løa like ved fylkesvegen, og at det vil vera uforsvarleg å få meir trafikk via denne ned-køyrsele. Dei gjer til slutt merksam på at det er andre meir eigna område til bustadfelt i nærområdet.

Rådmannen har forståing for at det er ulike meiningar om bruken av dette området, og at eit bustadfelt på denne staden kan koma i konflikt med andre interesser som leik, friluftsliv, landskapsvern, trafikk, nabointeresser og naturkvalitetar med vidare. På den andre sida vil ein vise til at kommunestyret ved å godkjenna kommuneplanen sin arealdel i 2019, har opna for at deler av dette området skal bli regulert til bustadfelt, og at det er noko grunneigaren Opplysningsvesenets Fond også ønskjer, jf. innspel nummer 1 ovanfor. Det vert og vist til at dette vart drøfta i samband med sak om planstrategi for perioden 2019 – 2023, og at eit samla kommunestyret då godkjente at dette planarbeidet skulle prioriterast. Vidare vil ein vise til at det er først når det ligg føre eit konkret framlegg til reguleringsplan med planskildring at ein ser tydeleg konsekvensane av eit planframlegg. På bakgrunn av dette rår rådmannen til at planprogrammet ikkje vert endra på bakgrunn av dette innspelet.

6. Brev frå Gunvald Varleite, dagsett 06.01.2022, som skriv at hans eigeidom gnr. 31 bnr. 2 har felles hamnegang med gnr. 31 bnr. 1, der størstedelen seinare vart utskilt til gnr. 31 bnr. 48, og at han ikkje kan sjå at denne retten er ført over, og ber om at det vert gjort. I tillegg vert det stilt spørsmål, om plankostnader med vidare.

Rådmannen meiner at dette innspelet handlar om privatrettslege tilhøve gnr. 31 bnr. 2 har knytt til beiterettar på eigeidomen gnr. 31 bnr. 48, og at dette er slikt som må avklarast andre stadar enn i ein offentleg reguleringsplanprosess, til dømes via jordskiftesak eller anna. På bakgrunn av dette rår rådmannen til at planprogrammet ikkje vert endra på bakgrunn av dette innspelet.

7. Brev frå Vebjørn Haugsdal og Kristin Andvik Haugsdal dagsett 16.01.2022, som skriv at dei ser positivt på at det skal regulerast fleire bustadar i området rundt Sandnes skule, og synest det er bra at kommunen tar initiativ til at det blir lettare for tilflyttarar å få tilgang på bustadtomter raskt. Vidare ser dei at det i planprogrammet for områdeplanen vert vektlagt at: - Regulere gangveg langs fylkesveg 570, og utbetre vegkrysset ved fylkesvegen til området. På bakgrunn av dette ønskjer dei at kommunen får regulert gangvegen vidare til det nyetablerte feltet på Varleite, noko dei meiner kan gje trygg skuleveg for allereie etablerte einbustadar sør for planområdet, samt at framtidige bustader på Varleite vil få tilgang på trygg skuleveg. Dei viser til at det nyleg har vore høyring på

kommunen sin trafikkisikringsplan, der gangveg i dette området var eit av tiltaka. Til slutt skriv dei at ved å få inn gangvegen i denne reguleringsplanen, vil det gjera det lettare å få realisert ein trygg skuleveg for fleire born som ikkje har rett på skuleskyss.

Rådmannen har vurdert dette innspelet, og meiner at dei kjem med gode argument for å gjera justeringar i planavgrensinga, slik at ein får regulert inn areal til fortau/ gangveg planen vestover langs fylkesvegen forbi det nyetablerte bustadfeltet på Varleitet, og heilt til avkøyringa ved Bjørkeneset. Den reviderte planavgrensinga vert vist i nytt revidert planprogram vedlagt saka. Ei slik utviding av plangrensa må og kunngjerast og naboar med fleire må tilskrivast.

8. Brev frå Sandnes Vel dagsett 18.01.2022, som innleiingsvis skriv om føremålet med reguleringsplanen, og som meiner det er positivt med at det vert arbeidd for fleire bustader i nær tilknytning til skulen, samstundes som at kvalitetane i friluftsområdet vert ivaretatt. Dei ønskjer difor ikkje at nye bustader skal redusera kvaliteten på det etablerte friluftsområdet. Vidare skriv dei at dei ønskjer at det vert regulert gangveg fram til det nye bustadfeltet på Varleitet.

Rådmannen har vurdert dette innspelet, og meiner at dei kjem med gode argument om å utvida planområdet med omsyn på areal til samanhengande gangveg, og med tilvising til innspelet ovanfor, er dette noko administrasjonen vil tilrå vert gjort. Dei andre synspunkta for å ivareta friluftsverdiane med meir, må ein ta med seg inn i drøftingane i det vidare planarbeidet.

9. Brev frå Vestland fylkeskommune dagsett 21.01.2022, som skriv at dei er positive til at det skal utarbeidast konsekvensutgreiing og ROS-analyse i samband med planlegginga. Formålet med konsekvensutgreiinga er å klargjere verknadene av planar og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er viktig at alle aktuelle tilhøve vert vurdert opp mot dette. Fylkeskommunen finn at forslag til tema som vil handsamast i konsekvensutgreiinga dekker i hovudsak dei tema som er naturleg å gjere greie for.

Vidare rår dei til at universell utforming vert eige tema i konsekvensutgreiinga, og skriv at det må takast omsyn til landskap, terreng, friluftsliv, strandsona og ålmenta sine interesser. Trygg tilkomst til eksisterande naust, båthamner og friluftsområde bør vere del av planen, og det må sikrast løysingar som tryggjer at eksisterande bygg og nye tiltak vert utforma heilskapleg med gode arkitektoniske og estetiske løysingar. Dei legg og vekt på at det vert lagt til rette for at området vert utforma slik at ålmenta kjenner seg velkomen til opphald i strandsona, og legg vekt på at tilkomsten til sjøen ikkje må verte stengt av med fysiske eller med privatiserande element. Dei kjem og med faglege råd knytt til ulike tema, mellom anna kulturminne, born og unge sine interesser, landskap, arkitektur, universell utforming med vidare.

De ber om at ein i planarbeidet tek omsyn til miljøet ved prestegarden, og finn det naudsynt med ei arkeologisk registrering, for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i lov om kulturminne. Nærare opplysningar om registreringa vert sendt i eige brev.

Vestland fylkeskommune vurderer at dagens tilkomst til FV 570 må byggjast om med tanke på auka bruk på staden. Dei ser at tilkomsten i dag er noko utflytande og må rettast opp.

Dei oppmodar kommunen om å leggja tilkomstvegen til bustadområdet med ny trase på austsida av driftsbygningen på gnr. 25 bnr. 96. Dette vil hindre at ein får trafikk til bustadområdet gjennom eksisterande tun på staden. Dette med tanke på dei som skal bu langs ein tilkomstveg og faren for uheldige trafikale hendingar i tunet med auka trafikk. Ei slik omlegging legg også til grunn ein tilkomst til bustadområdet ved bruk av eksisterande veg til Amundsbotnen.

Vidare meiner det er naturleg at ein etablerer gang og sykkelveg frå skulen og fram til krysset til Botnaneset, og at denne gang og sykkelvegen må etablerast på austsida av FV 570.

Rådmannen meiner at fylkeskommunen kjem med mange gode faglege råd til det vidare planarbeidet, og at ein på bakgrunn av dette innspelet ikkje treng gjera vesentlege endringar i planprogrammet, utover at ein tek med at det må gjerast ei samla vurdering av strandsoneverdiar og verknad av utbygginga i høve til friluftsliv og tilgang til strandområda m.v.

Vurdering:

Rådmannen meiner at det reviderte planframlegget dagsett 11.08.2022 som no vert lagt fram til formannskapet for godkjenning, vil sikra eit godt kunnskapsgrunnlag før reguleringsplanen seinare kjem til offentleg ettersyn. Dei mange innspela tek opp ulike tema, og viser at Botnaneset er eit verdifullt område med mange kvalitetar som det er viktig å ta omsyn til i det vidare planarbeidet med å få etablert eit bustadfelt. Dei mange ønskja og faglege råda om å utvide planområdet vestover for å kunna regulera inn gangveg/ fortau fram til Bjørkeneset, er noko administrasjonen tilrår vert teke med i planarbeidet. Dette er og eit prioritert langsiktig tiltak, som ligg inne i kommunedelplanen for trafikksikring sin handlingsdel, som vart godkjent i kommunestyret den 24.02.22 sak 010/22. Det er i tillegg gjort mindre justeringar i planprogrammet knytt til framdriftsplan, og teke inn fleire medlemmer i referansegruppa.


Konklusjon:

Rådmannen rår til at revidert planprogram for områdeplan for Botnaneset vert godkjent i medhald av plan – og bygningslova sin § 4-1, og at planområdet vert utvida langs fylkesvegen sørover til avkøyringa ved Bjørkeneset, for å regulere inn fortau/ gangveg.



Framlegg til planprogram for områdeplan for Botnaneset i Masfjorden kommune

Av 11.08.2022



Innhold

| | |
|---------------------------------------|----|
| 1. Innleiing | 3 |
| 1.1 Bakgrunn | 3 |
| 1.2 Planprogram | 3 |
| 1.3 Planavgrensing | 3 |
| 1.4 Føremål med planarbeidet | 4 |
| 1.5 Detaljeringsgrad | 5 |
| 2. Overordna føringar | 5 |
| 2.1. Plan og bygningslova | 5 |
| 2.2. Nasjonale retningliner | 5 |
| 2.3 Regional føringar | 6 |
| 3. Kommunale planar | 6 |
| 4. Kunnskapsgrunnlaget | 6 |
| 5. Sentrale tema i planarbeidet | 7 |
| 6. Utgreiingsbehov | 7 |
| 7. Planprosess og vedverknad | 10 |
| 7.1 Organisering av arbeidet | 10 |
| 7.2 Medverknad | 10 |
| 9. Framdriftsplan | 11 |

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samband med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden kommune godkjent i 2019, vart om lag 15 dekar ute på Botneset nord og vest for prestegarden lagt ut til byggjeområde for bustadar med plankrav. Området vart i kommuneplanen og definert til å vera innanfor det som vert definert som senterstruktur, jf retningsline 1.1. og 2.3 gjeve i fylkesdelplanen om senterstruktur m.v. I punkt 3.1.10 i føresegnene til kommuneplanen står det:

«A. Sandnes er kommunesenteret med kommunehuset. Avgrensing er mellom ferjekaia på Masfjordnes og 750 meter sør for Sandnes barnehage til og med Botneset.»

I samband med revidering av planstrategien til Masfjorden kommune i kommunestyret den 30.november 2020 vart det bestemt at regulering av dette planområdet skulle ha oppstart i 2021.

1.2 Planprogram


I tråd med plan og bygningslova § 4-1 skal det, for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, og som ledd i varsling av planoppstart, utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva for alternativ som vil verta vurdert og behovet for utgreiingar. Planprogrammet vert fastsett av kommunestyret.

Planprogrammet er på mange måtar ein «plan for planlegginga», og gjev offentlege instansar, lag/foreiningar og ålmenta høve til å påverke korleis planprosessen skal vere og kva for tema som skal omfattast av reguleringa.

Sidan planområdet som er føreslått vert ein del større enn byggjeområdet som er lagt ut i kommuneplanen sin arealdel, må planprogrammet synleggjera kva som må konsekvensutgreiast i medhald av forskrift om konsekvensutgreiing.

1.3 Planavgrensing

Det vert vist til kart (figur 1) på neste side som viser avgrensing av planområdet:



Figur 1; Planavgrønsing vist med kursiv raud strek.

1.4 Føremål med planarbeidet

Områdereguleringa for Botneset skal :

- Sikre areal til ei fortetta bustadmasse med gode kvalitetar og høg arealutnytting
- Sikre god tilkomst til området både for mjuke trafikkantar og for bilar
- Sikre viktig grønstruktur
- Sikre strandsona og kvalitetane i friluftsområdet ute på neset for ålmenta.
- Ivareta dei kulturhistoriske kvalitetane knytt til prestegardstunet med hageanlegget rundt
- Ivareta viktige naturkvalitetar og landskap
- Sikre eigna areal for barn og unge, samt gode private og felles uteområde for dei som skal bu i feltet inkludert universell utforming.
- Få på plass ein gangveg direkte frå bustadfeltet og over til nærmiljøanlegget og skuleområdet på Sandnes
- Regulere gangveg langs fylkesveg 570 sør til Kvamme, og utbetre vegkrysset ved fylkesvegen til området.
- Avklare arealbruken nede ved småbåtanlegget i nord.
- Avklare arealbruken slik at kommunen kan gje løyve til tiltak i medhald av plan- og bygningslova sin § 20-1.

- Ivareta viktige trafikale omsyn på ein god måte.

1.5 Detaljeringsgrad

Areal sett av til bygg og anlegg etter pbl § 11-7 nr1, og samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr 2 skal inngå i ein reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 er tillete, med mindre anna er sagt under det enkelte føremål.

Reguleringsplanen skal vise plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningshøgder og terrenghandsaming. Reguleringa skal avklare og detaljere arealbruken innafor området, avklare behovet for parkering, vurdere behov for etablering og oppgradering av gang- og sykkelveggar, setje av naudsynt areal for kollektivtransport, medverke til å finne felles løysingar for infrastruktur m.m. , sikre grønstruktur og ivareta andre kvalitetar som området har. Planen skal danna grunnlag for seinare søknad om tiltak etter plan- og bygningslova sion § 20-1 og § 20-2.

Byggjegrænse mot sjø og tilkomstveggar og nabogrenser skal definerast i planen , utbyggingsvolum, krav til estetikk og krav til universell utforming m.v.

Det vert vist til punkt 5.1 i føresegnene gjeve for bustadområde i kommuneplanen sin arealdel der mellom anna Botneset er med.

2. Overordna føringar

2.1. Plan og bygningslova

Planarbeidet er styrt av plan- og bygningslova av 2008. I § 3-1 står det at kommunen har følgjande oppgåver og omsyn ved utarbeiding av planar:

- Setje mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunar og regionar, avklare samfunnsmessige behov og oppgåver, og seie korleis oppgåvene kan løysast
- Sikre jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø
- Sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøving og samfunnsliv
- Leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling
- Leggje til rette for god forming av bygdeomgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår
- Fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseskilnader, og bidra til å førebyggje kriminalitet
- Ta klimaomsyn gjennom løysingar for energiforsyning og transport
- Fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

2.2. Nasjonale retningliner

Dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» vart vedteken ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Det handlar om kva regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane skal ta omsyn til i utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova.

Forventningane formidlar ikkje alle statlege interesser, oppgåver og omsyn som planlegginga skal ivareta, og som er forankra i nasjonalt lovverk, forskrifter, statlege og regionale mål og retningslinjer. Følgjande er særleg relevant for planarbeidet:


- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unges interesser i planlegginga (1995)
- Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga (T-1442/2012)
- Retningslinjer for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegginga (T-1520/2012)
- NVE sine retningslinjer om Flaum og skredfare i arealplanar
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø

2.3 Regional føringar

- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland - 2015 - 2026
- Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025

3. Kommunale planar

- Masfjorden kommune sin samfunnsdel (2012)
- Masfjorden kommune sin arealdel til kommuneplanen (2019)
- Kommunedelplan for trafikkisikring for Masfjorden 2021 – 2033
- Tilgrensande reguleringsplanar



Figur 2 ; Kartet over viser tilrådd avgrensing av bustadområdet i planskildringa i kommuneplanen. Byggjegrensa mot sjø (i 100 metersbeltet) er lagt i føremålsgrensa.

4. Kunnskapsgrunnlaget

I planskildringa til kommuneplanen sin areadel side 39 og 40 er området skildra. Her står det mellom anna at kommunen er festar av deler av området, og ein ynskjer fleire ny bustadtomter i nær

tilknytning til skulen. Den nordlege delen av neset er eit mykje nytta friområde, som bør bevarast og vidareutviklast. Vidare står det:

«Positive konsekvensar:

1. Området ligg sentralt, med kort veg til skule. Ei utbygging med eit relativt kompakt utbyggingsmønster og fokus på barnefamiliar er gunstig.
2. I samband med bustadbygginga vil det vere naudsynt å sjå på trafikksituasjonen i området. Ein får då moglegheita til å betra trafikktryggleiken, og skapa trygg skuleveg for born og unge.

Negative konsekvensar:

1. Bygging i funksjonell strandsone.
2. Bygging tett på SEFRAK- registrerte bygg, og kulturmiljøet rundt den gamle prestebustaden.
3. Utbygging tett på mykje brukt friområde. Ein må unngå privatisering av dette.»

5. Sentrale tema i planarbeidet

Kommunen må sjå på heilskapen med avkøyrsløp og tilkomst, kvaliteten på bustader og bustadmiljøet, og oppretthalding av viktige grønne strukturar. Funksjonell gangveg til Sandnes skule er sentralt å få drøfta, og korleis utbygginga vil påverka den historiske prestegarden med hagemiljøet rundt, samt det verdifulle friluft-/ naturområdet ut på sjølve neset og nedover mot sjøen både mot vest og nord.

Med 3,0 daa fulldyrka (1,9+1,1), samt skog i høg og middels bonitet blir det normalt ein del overskotsmassar av jord/lausmassar. Plan for bruk av desse massane på ein framtidsretta og landbruksfagleg måte vert ein viktig del av planarbeidet.

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging, klimatilpassing og statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, og arealbruk mot sjø konkretiserer dei nasjonale forventningane til planlegging for fleire tema.

Trafikkale tilhøve for alle trafikkant grupper.

6. Utgreiingsbehov

Risiko- og sårbaranalyse (ROS)

Plan – og bygningsloven § 4-3 krever ein risiko- og sårbaranalyse (ROS) for alle planforslag som inneheld utbyggingsformål. Det skal utarbeidast ein risiko- og sårbaranalyse i tilknytning til planforslaget. Mogelege uønska hendingar skal identifiserast, og sannsynligheit og konsekvens skal vurderast. Analysen skal baserast på Masfjorden kommune sine akseptkriterier.

I høve til KU-forskrifta sin §17, skal emne som vert omtala vere relevante for vedtaket: «Konsekvensutgreiingens innhald og omfang skal tilpassast den aktuelle planen eller tiltaket, og vere relevant for dei avgjersler som skal tas». Som avgjerslerelevante meiner ein konsekvensar som er avgjerande for om tiltaket kan gjennomførast. Aktuelle emne for KU er omtala i kapittelet under.

Andre emne vert omtalt og drøfta i planomtalen (t.d folkehelse, støy med vidare) som i ein vanleg reguleringsplan utan KU. Kva som inngår i KU-emna og korleis dei vert utgreidd vert vist nedunder:

- Naturmangfald
- Overvatn og avrenning
- Overordna geoteknisk vurdering
- Landbruk/ jordvern
- Massedeponering
- Landskapsbilete/ analyser
- Ei samla vurdering av strandsoneverdiar og verknader av utbygginga
- Skjøtselsplan for friluftsområdet og grønstruktur
- Vegtilkomst og vatn-/ avlaupsløysing
- Trafikktilhøva for alle trafikkant grupper
- Friluftsliv
- Korleis partiklar, støy m.m. kan påverka gytefeltet utanfor for torsk og lyr

Tabellen viser tema som skal konsekvensutgreiast og omfang og metode

| Utgreiingstema | Problemstilling/ grunn | Omfang og metode |
|--------------------------------|--|---|
| Naturmangfald | Det er viktig å få klarlagt naturverdiar gjennom innhenting av grunnlagsdata og synfaring. | Det skal gjennomførast synfaring av området, og undersøkast om det er førekomstar av trua eller raudlista artear. Det skal avdekkast eventuelt verdifullt biologisk mangfald innanfor planområdet. Eventuelle konsekvensavgrensande tiltak skal innarbeidast i planforslaget. |
| Overordna geoteknisk vurdering | Kartleggja og vurdere stabilitet innanfor planområdet gjennom vurdering av eksisterende grunnlagsdata og ev. nye boringer etter behov. | Avklare om planområdet er eigna for utbygging og leggja føringar for korleis utbygginga kan gjennomførast. |
| Landbruk/ jordvern | Utgreia kor og korleis jordmassar frå området kan flyttast/leggjast slik at ein kan få god jordbruksareal andre stadar i nærområdet. | Det skal vurderast kva konsekvenser planen har for den eksisterende dyrka marka, og drøftast eventuelle avbøtande tiltak korleis jordmassar kan |

| | | |
|---|--|--|
| | | flyttast til anna stad som ressurs for jordbruket i bygda. |
| Massedeposering | Det skal lagast ei vurdering korleis stein og jordmassar skal nyttast optimalt. | Eigen rapport som skal skildre dette med illustrasjonar. |
| Landskapsbilete/analyser, | 3-D bilder, illustrasjonar skal visualisere korleis området vil verta når det er bygd ferdig. | Eigen rapport med perspektiver, 3D- bilder og illustrasjonar skal lagast. |
| Skjøtselsplan for friluftsområdet og grønstrukturen | Området har mange store tre og tett vegetasjon som både kan vera ei utfordring og ein kvalitet for området. | Eigen rapport med forslag til skjøtselsplan som ivaretek både bruken av området og grønstrukturen på ein god og langsiktig måte. |
| Vegtilkomst, drikkevatn, slukkevatn, avlaup og anna infrastruktur | Det må lagast teknisk plan som viser framlegg til miljøvenlege og økonomiske gode løysingar knytt til etablering og drift av infrastruktur inkludert slukkevatn | Teikningar og enkel vurdering skal leggjast ved reguleringsplanen. |
| Trafikktilhøva med vekt på alle grupper trafikantar | Det er viktig å få klarlagt korleis alle trafikant grupper i området skal få gode tilhøve | Teikningar som viser korleis fotgjengarane skal få snarveg til skuleområdet og gode tilhøve frå fylkesveg til bustadane. |
| Universell utforming | Drøfte korleis dette vert ivareteke heilt inn i bustadane frå fylkesvegen, og i uteområda. | Eige avsnitt i planskildringa må forklare korleis dette vert løyst. |
| Kulturminne og kulturmiljø | Temaet kulturminner og kulturmiljø tar utgangspunkt i den kulturhistoriske verdien som finst i og ved prestegardstunet, og viktig å få vurdert korleis bustadfeltet vil påverke området. Eventuelt automatisk freda kulturminne, nyare tids kulturminne og og kulturlandskap inngår og i temaet. Arkeologisk feltregistrering avklarar om det er automatisk freda kulturminne i området. | Det må lagast ei enkel kulturminnevurdering over området, og drøftast korleis kvaliteten til prestegardsbustaden og hageanlegget kan ivaretakast på ein god måte. Rapport frå arkeologisk feltregistrering vert lagt ved planskildringa. |
| Friluftsliv/ området sin verdi for barn og unge | Området ha verdi for friluftslivet, og spesielt viktig er området ned mot og i og ved badeplassen på neset. Det er etablert ein uteopphaldsplass med gapahuk til bruk for born og unge. | Friluftinteressene må kartleggjast og skildrast, og ein må få vurdert korleis kvalitetane og tilkomsten for friluftslivet, spesielt knytt til born og unge kan oppretthaldast på ein god måte. |
| Strandsona | Få på plass ei samla vurdering av strandsoneverdiane | Kartleggja strandsoneverdiane, og visualisere verknaden av ei utbygging med 3D-illustrasjonar. |
| Gytefeltet | Korleis partiklar, støy m.m. frå utbygginga av bustadfeltet kan påverka gytefeltet | Gytefeltet må skildrast og eventuelle påverknader må fagleg vurderast. |

Konsekvensutgreiinga vil verta presentert i eigne dokument som skal vedleggast reguleringsplanen når den vert lagt ut til offentleg ettersyn. Planskildringa vil innehalde ei oppsummering av konsekvensutgreiinga.

7. Planprosess og vedverknad

7.1 Organisering av arbeidet

Styringsgruppa

Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.

Arbeidsgruppa

I arbeidsgruppa deltek følgjande personar:

- Assisterande rådmann (leiar)
- Teknisk sjef
- Landbrukskonsulent
- Oppmålingsingeniør
- Byggjesakskonsulent
- Konsulent frå planføretak

Referansegruppe:

Representant frå Sandnes Vel

Representant frå SU/ FAU ved Sandnes skule

Representant frå SU/ FAU ved Sandnes barnehage

Representant frå Ungdomsrådet

Representant frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Representant frå eldrerådet.

Opplysningsvesenets fond (*grunneigaravklaringar ved behov*)

7.2 Medverknad

Lovmessige krav til medverknad i planprosessar er skildra i plan- og bygningslova kapittel 5, og krav til medverknad ved utarbeiding av planprogram vert utdjupa i PBL §§ 4 – 1 og 12 – 13. Oppstart av planarbeidet vert varsla samstundes med at forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Det skal leggjast stor vekt på å ha ein open planprosess for å motivera folk flest til engasjement og eigarskap i planarbeidet. Kommunen vil nytta både heimesida og sosiale media aktivt til informasjon og dialog.

Planprogrammet og oppstart av reguleringsplanen vert kunngjort, og det vert sett frist på seks veker for å koma med innspel til både planarbeidet og planprogrammet.

Representantar frå Sandnes skule, Sandnes barnehage, og representantar frå Sandnes Vel vil verta invitert til møte tidleg i planprosessen. Kommunen tek ansvar for å halde eit folkemøte med informasjon når planen seinare kjem på høyring.

9. Framdriftsplan

| Aktivitet | Tidspunkt |
|---|--------------------------|
| Oppstartsvedtak i formannskapet | Oktober 2021 |
| Varsel om oppstart av planarbeidet | November 2021 |
| Høyringsperiode planprogram og innspelsfase til planen | November - desember 2021 |
| Endeleg planprogram til handsaming i formannskapet | August 2022 |
| Innhenting av konsulentføretak | September 2022 |
| Medverknadprosessar | Hausten 2022 |
| Utforme framlegg til plan | November - mars 2023 |
| Høyring og offentleg ettersyn | Mai - juli 2023 |
| Endeleg politisk handsaming i kommunestyret | September 2023 |

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------------|------------|
| Sveinung Toft | FA-L12, TI-&21 | 19/188 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 085/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Endring av reguleringsplan for Rørdalen i Stordalen

Journalposttittel

Siste versjon plankart Rørdalen hyttefelt i Stordalen av 05.04.22
Endringsframlegg Føresegner Rørdalen hyttefelt - revidert mars 2022

Dato

23.08.2022
22.08.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til revidert reguleringsplan for Rørdalen Hyttefelt vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Det vert vist til revidert plankart av 05.04.2022 og reviderte føresegner av mars 2022.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta

Stordalen Tomteselskap AS ved Bjørnar Vik har i brev dagsett 01.06.2022 sendt over framlegg til reguleringsendring for Rørdalen hyttefelt. Denne reguleringsplanen vart godkjent i Masfjorden kommunestyre den 31.10.2013.

Føremålet med planendringa er dette i følgje planfremjar::

- *« Justere plassering byggeområde VA1 Begrunning: Eksisterande kloakkanlegg måtte plasserast som vist i planendring pga fallsituasjonen.*
- *Justere plassering byggeområde La (lager) . Begrunning: Flyttast for å kunne legge om tilkomstveg.*
- *Legge om tilkomstveg mellom VA1 og La. Begrunning: Omlegging blir gjort for at bygningar i HK1 skal kunne trekkast lenger ned i terrenget mot eksisterande veg. Dette medfører mindre inngrep i terrenget bak bygningane, og reduserer behovet for sikring terrenget.*

- *Justere og utvide parkeringsplass P1. Begrunning: Omfang leiligheter i HK1 krev fleire parkeringsplassar.*
- *Ny fritidstomt H2. Begrunning: Fritidstomt 50/170 kan ikkje byggast på grunna vanskeleg terreng. Fritidstomt H2 er erstatning for denne. Sal av tomtar er avgjerande for Stordalen Fjellstove sin økonomi og eksistens.*
- *Omdefinere byggeområde H2 (fritidsb.-fritt) til HK2 (fritidsb. – kons) Begrunnelse: Det er ynskje om å ha opning for å bygge leiligheter også i dette området. Det styrker drift av fjellstova å ha mest mogeleg folk og aktivitet tett ved.*

Flaum og skredfare.

Planområdet sine grenser er identisk med gjeldande plan. Cowi si vurdering av flaum og skredfare i 2013, med tillggsuttale, blir fortsatt lagt til grunn.»

Det vert sendt inn revidert plankart dagsett 05.04.2022, som skal erstatte godkjent plankart frå 07.04.2016. Vidare er det sendt inn revidert føresegnar, som er vedlagt saka.

Vurdering

Rådmanenn har vurdert omsøkt planendring, og meiner at reguleringsendringa kan leggjast ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10. Endringane er relativt avgrensa i omfang, men likevel så vesentlege at det er viktig at offentlege instansar, alle naboar og grunneigarar til området, får høve til å koma med sine merknader til planendringa som no vert føreslått. Høyringsprosessen vil vise om det er grunnlag for å gjere justeringar/ endringar, før saka går til slutthandsaming i kommunestyret.





Vidare vil ein vise til at det tidlegare er gjort kartlegging av naturfare i området, og at desse rapportane viser at det ikkje risiko knytt til dei regulerte byggeområda.

Konklusjon



Ein rår til at at reguleringsendringa vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Teiknforklaring



Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

-  Fritidsbebyggelse - frittliggende
-  Fritidsbebyggelse - konsentrert
-  Andre typer bebyggelse og anlegg
-  Vann- og avløpsanlegg


Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

-  Kjøreveg
-  Parkeringsplasser



Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (PBL § 12-5, nr. 5)

-  Friluftsmål
-  Vern av kulturmiljø eller kulturminne





Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)


-  Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

Hensynssoner (PBL § 12-6)

-  Ras- og skredfare
-  Flomfare

Linjesymbol

-  Plangrense
-  Regulert tomtegrense
-  Byggegrense
-  Regulert senterlinje



| | | | | |
|-----------------------------------|---------------|----------|--------------------|---|
| Stordalen Tomteselskap AS | | | | |
| Dato | Konstr./egnet | Godkjent | Målestokk |  |
| 05.04.2022 | | | 1:800 | |
| Plantegning forslag endring Rev B | | | Erstatter for: | Erstatter av: |
| RØRDALEN HYTTEFELT | | | 903 | |
| Stordalen m/gnr og bnr | | | Masfjorden kommune | |
| Henvisning: | Beregning: | | | |

FØRESEGNER TIL DETALJREGULERING FOR DETALJREGULERINGSSPLAN FOR RØRDALEN HYTTEFELT, STORDALEN, MASFJORDEN KOMMUNE I MASFJORDEN:

(endra mars 2022)

FØREMÅL

§1

Føremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for 10 fritidsbustader, fritidsleiligheter og mikrokraftverk (< 100 kW) i Rørdalen. Leilighetsbygg kan seksjonrast. Det er eit mål å sikra areal til ferdsel og opphald i hyttefeltet, særleg i strandsona ved Stordalsvatnet.

FELLESFØRESEGNER

§2

Kulturminner

Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminner, skal arbeidet stansast og ansvarleg søkar skal straks melde frå om dette til Hordaland fylkeskommune, jf Lov om kulturminner.

§3

Avlaup

Det skal etablerast avløpsordning med reinseanlegg, jf felles forskrift utarbeidd for hyttefelta i Stordalen av kommunane Masfjorden og Høyanger

§4

Vassforsyning

Kvar hytte skal knyta seg til felles privat vassforsyningsanlegg. Leidningar, kummar og stoppekrantar på vassforsyningsanlegget skal, vera utført i tråd med Masfjorden kommune sitt reglement. Anlegget skal målast inn og teiknast inn på kart, stadfesta med koordinatar. Installasjonar i samband med vassforsyningsanlegget og leidningsnett skal ha ei skånsam plassering i terrenget og ha ei tiltalende utforming som samsvarar med byggeskikken elles i planområde.

§5

Andre installasjonar

Det er høve til å leggja fram straum, datakommunikasjon, mv. Luftspenn vert ikkje tillate.

§6

Terrenginngrep

Ved søknad om tiltak skal terrenginngrep dokumenterast ved terrengprofilar. Ved plassering av overskotsmassar i planområde skal desse dokumenterast med omsyn til plassering og utforming. Terrenginngrep som ikkje inngår i byggeområde eller vegføremålet skal leggjast attende til opphavleg terreng og ferdigstillast innan eit år etter avslutta anlegg.

§7

Renovasjon

Hyttene i område knyter seg til renovasjonsordning for fritidsbustader.

AREALFØREMÅL

§8

Felt: H1 – H2.

Føremål: BEBYGGELSE OG ANLEGG (§ 12.5, nr. 1) - fritidsbebyggelse

Tillate grad av utnytting: Grad av utnytting skal ikkje overstige %-BYA = 30,0%.

Maksimum gesimshøgd i meter frå planert terreng: 4,0

Maksimum mønehøgd i meter frå planert terreng : 5,5

I dette område kan berre oppførast hytter. Oppføring av frittstående uthus eller garasjar er ikkje tillate. Utnyttingsgraden er 30% BYA for alle hyttetomtene. Hyttene kan oppførast med bruksareal inntil 120 kvadratmeter. Hytta kan oppførast med loft og takvinkel skal vera mellom 22-35 grader..

Terrasse / platting kan byggjast med inntil 30 % av bruksarealet av hytta. Mønehøgda skal ikkje overstige 5,5 m over terreng. Hytteplassering skal visast i situasjonsplan ved søknad om tiltak.

Før det vert gjeve ferdigattest på hyttene, skal det liggje føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsyningssystemet.

Ved gjennomføring av tiltak som krev inngrep i terreng, skal leggjast stor vekt på skånsam gjennomføring, med tilbakeføring av stadeigen vegetasjon når tiltaka er gjennomført.

Bygg skal ha utforming, materialbruk, dimensjonar og fargebruk som passar inn i det lokale bygningsmiljøet, og fargesetjinga skal haldast i mørke jordfargar i brunleg skala.

§ 9

Felt: HK1 og HK2

Føremål: BEBYGGELSE OG ANLEGG (§ 12.5, nr. 1) - fritidsbebyggelse

Tillate grad av utnytting: Grad av utnytting skal ikkje overstige %-BYA = 60,0%.

Maksimum gesimshøgde i meter frå planert terreng: 9,5

I dette område kan oppførast hytter og/eller fritidsleiligheter. Utnyttingsgraden er 60% BYA. Hyttene og leilighetene skal plasserast med møneretning i prinsippet langs kotane sin lengderetning. Møneretning blir rekna i hytta/leilighetsbygget si lengderetning.

Bygningsplassering skal visast i situasjonsplan ved søknad om tiltak.

Før det vert gjeve ferdigattest på hyttene/leilighetene, skal det liggje føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsyningssystemet.

Ved gjennomføring av tiltak som krev inngrep i terreng, skal leggjast stor vekt på skånsam gjennomføring, med tilbakeføring av stadeigen vegetasjon når tiltaka er gjennomført.

Bygg skal ha utforming, materialbruk, dimensjonar og fargebruk som passar inn i det lokale bygningsmiljøet, og fargesetjinga skal haldast i mørke jordfargar i brunleg skala.

Leilighetene kan seksjonerast.

§10

Felt: La

Føremål: BEBYGGELSE OG ANLEGG (§ 12.5, nr.1)

I dette området kan oppførast bygning for lager / boder. Utnyttingsgraden er 80% BYA. Bygg kan oppførast med gesimshøgde inntil 4,0 m over planert terreng.

§11

Felt: VA1

Føremål: BEBYGGELSE OG ANLEGG (§ 12.5, nr. 1) - vann- og avløpsanlegg

Tillate grad av utnytting: Grad av utnytting skal ikkje overstige %-BYA = 80,0%.

Maksimum gesimshøgde i meter frå planert terreng: 3,0

Maksimum mønehøgde i meter frå planert terreng : 4,0

Det kan førast opp anlegg for avlaup og vassforsyning med tilhøyrande leidningsnett på arealet.

§12

Felt: VA2

Føremål: BEBYGGELSE OG ANLEGG (§ 12.5, nr. 1) - vann- og avløpsanlegg

Tillate grad av utnytting: Grad av utnytting skal ikkje overstige %-BYA = 80,0%.

Maksimum gesimshøgd i meter frå planert terreng: 3,0

Maksimum mønehøgd i meter frå planert terreng : 4,0

Det kan førast opp anlegg for avlaup og vassforsyning med tilhøyrande leidningsett på arealet.

§13

Felt: Køyreveg

Føremål: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRÅSTRUKTUR (§ 12.5, nr. 2) - kjøreveg

Vegen er tilgjenge til hyttene. Vegar innanfor reguleringsområdet skal ha normal tverrprofil på 4,0 m inkludert skulder. Geometrisk utforming av veganlegget skal dokumentrast i byggeplan ved søknad om tiltak.

§14

Felt: P1

Føremål: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRÅSTRUKTUR (§ 12.5, nr. 2) - Parkeringsplasser

P1 har direkte avkøyrsløse til vegen.

§15

Felt: P2

Føremål: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRÅSTRUKTUR (§ 12.5, nr. 2) - Parkeringsplasser P2 har direkte avkøyrsløse til vegen.

§16

Felt: P3

Føremål: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRÅSTRUKTUR (§ 12.5, nr. 2) - Parkeringsplasser

P3 har direkte avkøyrsløse til vegen.

§17

Felt: Mikrokraftverk (Mk)

Føremål: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§ 12.5, nr. 2) - andre tekniske infrastrukturtrasear

Hele/deler av området er regulert til b) særlig krav til infrastruktur jf. eiga føresegn under Omsynssoner.

Maksimum gesimshøgdi i meter frå planert terreng: 6,0

Maksimum monehøgdi i meter frå planert terreng : 8,0

I område Mk kan det førast opp mikrokraftverk med ein produksjon inntil 100 kW. Nødvendige rørgate og kabelanlegg kan byggjast i område. I samband med etablering av kraftverket skal støynivå dokumenterast. Ved støynivå som overskrid verdiane som er tilrådd i Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), skal det etablerast tiltak mot støy. Dette skal dokumenterast i søknad om tiltak.

§18

Felt: Fr

Føremål: LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL SAMT REINDRIFT (§ 12.5, nr. 5) - friluftsføremål

Hele/deler av området er regulert til friluftsliv jf. eiga føresegn under Omsynssoner.

Tillate grad av utnytting: Grad av utnytting skal ikkje overstige %-BYA%.

Terreng og landskap skal stellast på ein måte som fremjar friluftsføremålet og for å ivareta område sin naturlege karakter. Det kan gjevast løyve til gangvegar inntil 1,5 m breidde og klopping av bekkar. Det er høve til å leggja til rette for skiløype i friluftsområde.

§19

Felt: Ku

Føremål: LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL SAMT REINDRIFT (§ 12.5, nr. 5) - vern av kulturmiljø eller kulturminne

Heile/deler av området er regulert til vern av kulturmiljø.

Terreng og landskap skal stellast på ein måte som fremjar kulturminneføremålet og for å ivareta område sin naturlege karakter. Det kan gjevast løyve til gangvegar inntil 1,5 m breidde og klopping av bekkar. Desse skal ikkje komma i strid med kulturminnet. I anleggsfasen ved utbygging av fritidsbustader, mikrokraftverk og vegar, skal kulturminnet merkast og sikrast at føremålet ikkje vert gjort terrenginngrep i føremålet under anleggsperioden.

OMSYNSSONER

§20

Felt: Bruk og vern av vassdrag - flomfare

I og langs elva kan det etablerast tiltak mot flaum.

REKKEFØLGE:

§20 Infrastruktur

Det kan ikkje gjevast bruksløyve til hytter i område før kommunikasjons-, vassforsynings-, elektrisitets- og avlaupstilhøva, samt vegtilkomst er etablert.

Desse føresegner er endra i samband med reguleringsendring april 2022.

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|-------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | | 22/749 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 086/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Delegerte saker

001/2022. Melding om delegert vedtak - Søknad om konsesjon på gbnr 22/1 Bergsvik

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Tore Bergsvik
Nattlandsfjellet 83
5098 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/912 - 22/4300

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no

Dato:
12.06.2022

Melding om delegert vedtak - Søknad om konsesjon på GBNR 22/1 Bergsvik

Vi syner til søknad motteke den 7.okober 2020

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 001/2022

Masfjorden kommune syner til konsesjonslova § 10g 9 og gjev Tore Bergsvik konsesjon for overtaking av GBNR 22/1 Bergsvik

Etter § 11 i same lov, vert konsesjon gjeve med slike vilkår :

- Når tidlegare eigar ikkje lengre gjer seg nytte av buretten sin skal ny eigar busette seg på eigedomen innan 1 år og bu der i minst 5 år.
- Søkjar skal halde fram med 10 årige skriftlege leigeavtaler på innmarka så lenge ny eigar sjølv ikkje ynskjer å drive grovfôrproduksjon og ha egne dyr som held beita i hevd.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Tidlegare eigar, Kristen Bergsvik, har skøytt garden GBNR 22/1 Bergsvik over på søkjar og nevø Tore Bergsvik for å sleppe ansvaret for eigedomen på sine eldre dagar, men ynskjer framleis å bu i bustadhuset på garden. Tidelegare eigar har sikra seg burett i våningshuset. Grunna overdraginga av ein eigedom med lovpålagt buplikt søker Tore Bergsvik fritak frå buplikta då han meiner det er for tidleg med flytting med tanke på at borna hans er i skulepliktig alder og sidan onkelen bur i våningshuset. Primært vert det søkt om varig fritak frå buplikta, sekundært om å få utsett buplikta til den dagen onkelen ikkje lengre gjer seg nytte av buretten sin.

2. Uttale

Søkjar skriv i brev datert 22.02.2022 at han primært søker varig fritak frå buplikta, sekundær fritak så lenge tidlegare eigar bur i våningshuset. Søkjar skriv vidare at innmarka er leigd vekk til eit anna bruk i aktiv drift. Søkjar skriv at han har ei sterk tilknytning til garden då han har vore der i store delar av si fritid i oppveksten.

3. Fakta

Eigedomen GBNR 22/1 Bergsvik

Det er ein sær stor landbrukseigedom med mykje ressursar, både av innmark og utmark. Vidare er det ein uvanleg stor bygningsmasse på eigedomen som vil krevje mykje vedlikehald i åra som kjem. Eigedomen ligg vakkert til med tunet på nedsida/austsida av fylkesveg 571 og flott utsikt på fjorden.

Planstatus

I Masfjorden kommune sin kommuneplan for 2018 – 2030 har området LNF – status dvs landbruk, natur og friluftsliv.

Areal

| Fulldyrka jord | Overflatedyrka jord | Innmarksbeite | Produktiv skog | Anna areal | Sum |
|----------------|---------------------|---------------|----------------|------------|--------|
| 48,7 | 4 | 13,1 | 2168,2 | 2583,3 | 4817,3 |

Bygningar m.m

| Bygningar | Byggeår | Grunnflate, m2 | Etasjar | Teknisk stand (søkjar si vurdering) |
|------------------|-----------|----------------|---------|-------------------------------------|
| Våningshus | 1890-1920 | 140 | 1,5 | Dårleg |
| Låve | 1911 | 170 | 2 | Dårleg |
| Naust | 1850 | 80 | 1 | Dårleg |
| Sag | 1870 | 120 | 1 | Dårleg |
| Reiskapshus | 1985 | 66 | 1 | Middels |
| Skykkje | 1930 | 40 | 1 | Dårleg |
| Stølshus | 1904 | 40 | 1 | Dårleg |
| Gardflor/garasje | 1868 | 50 | 2 | Ikkje vurdert |

Lovverket knytt til buplikt

Det er lovpålagt buplikt på GBNR 22/1 Bergsvik då eigedomen er bebygd med heilårsbustad og har meir enn 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord og meir enn 500 dekar produktiv skog jf. § 5 i konsesjonslova.

4. Vurdering

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova § 1, 9 og rundskriv M -3 /2017 Konsesjon, priskontroll og buplikt. «Konsesjonslova har til formål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eiger- og bruksforholds om er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga»

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjerse av søknad om konsesjon for overtaking av eigendom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. Om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

GBNR 22/1 er underlagt priskontroll då det er meir enn 35 dekar fulldyrka- og/eller overflatedyrka jord på eigedomen. Kjøpesummen er avtalt til kr 600.000 som truleg er noko lågare pris ein marknadstakst. Med tanke på det store ressursgrunnlaget er kjøpesummen godt innafor det som kommunen vil definere som forsvarleg pris for eigedomen.

2. Om overtakar sitt føremål vil ivareta omsynet til busetjing i område

Søkjar sitt primære ynskje om varig fritak frå buplikta vil ikkje ivareta omsynet til busetting i området. I Masfjorden kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen for 2012 – 2024 vert det konstatert at reduksjonen i folketalet er det største trugsmålet mot god utvikling av lokalsamfunn og at det å styrka busettinga i kommunen er eit høgt prioritert mål. På bakgrunn av dette ynskjer rådmannen å handheve den lovpålagte buplikta dvs. buplikta på eigedomar med meir enn 35 dekar innmark eller meir enn 500 dekar produktiv skog og med heilårsbustad.

Det som er viktig for kommunen er at det er busetting på eigedomen og helst eigar. All erfaring i slike saker tilseier at eigedomen vert langt betre ivareteke, både bygningsmasse og innmark, når det er eigar som bur på eigedomen og ikkje leigetakarar.

På den aktuelle eigedomen bur i dag tidlegare eigar. Kommunen ser det difor som ei godløyising for alle partar tidlegare eigar bur i huset så lenge han ynskjer og er frisk nok til det. Dette gjer at søkjar kan utsette flyttinga til Bergsvik. Det er ein fordel for søkjar då han har born i skulepliktig alder og ikkje ynskjer å flytte dei til ny skule og oppvekstmiljø. Dersom søkjar vert pålagt buplikt no vil han flytte frå borna og inn til Bergsvik aleine. Og bu der saman med onkelen sin. Det er ikkje ei god løyising for nokon.

Rådmannen meiner det er ei betre løysing at søkjar heller flytter til eigedomen innan 1 år etter at tidlegare eigar har flytta frå eigedomen. Då har ungane truleg vorte ein del eldre og våningshuset står tomt og ny eigar kan flytte inn og bidra til å oppretthalde folketal og lokalsamfunnet.

3. Om overtaking medfører ei driftsmessig god løysing

Får 1.juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan 1 år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet. Dersom driveplikta ska oppfyllest med bortleige, må avtalen vere skriftleg, gjelde for 10 år om gongen og gje ei driftsmessig god løysing.

Søkjar opplyser at det ligg føre 10 årig avtale mellom tidlegare eigar og anna aktiv bonde i nærleiken som leiger innmarka på garden. Såleis er ny eigar si driveplikt stetta.

5. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Dette omsynet omfattar både arealressursar, kulturverdiar og bygningar på eigedomen. Det er eit hovudføremål med overtakinga at dagens eigar ikkje ynskjer å sitje med vedlikehaldsansvar for bygningsmassen på bruket. Ein kan difor legge til grunn at ei overtaking betrar vedlikehaldet av bygningar. Forvaltning av dei andre ressursane er med stort sannsyn relatert til at søkjar buset seg på bruket, då erfaring og forskning konkluderer med at ressursforvaltninga er best i desse tilfella.

5. Konklusjon

Det vert ikkje gjeve fritak frå buplikta på GBNR 22/1, men søkjar får konsesjon med vilkår om å busette seg på garden innan 1 år etter at tidlegare eigar har flytta frå garden. Dette for at ny eigar skal få ei tid å områ seg på. Dette fordi Masfjorden kommunen har ei målsetting om å oppretthalde og styrke busettinga i kommunen jf. kommuneplanen sin samfunnsdel. Vidare syner erfaring og forskning at når eigar buset seg på eigedomen er sannsynet størst for den beste ressursforvaltninga på eigedomen.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Kjartan Nyhammer
landbruksrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
Tore Bergsvik

Nattlandsfjellet 83 5098

BERGEN

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|-------|------------|
| Anne Kristin Rafoss | | 22/749 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 087/2022 | Formannskapet | PS | 29.08.2022 |

Referatsak

1. Oversending - Masfjorden kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022- 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Masfjorden kommune,
Austfjordvegen 2724,
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Masfjorden kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Masfjorden kommunestyre har i møtet 2. desember 2021, sak 67/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførte til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafør det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Det er viktig at kommunen også i åra framover har låg lånegjeld og eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond. Kommunen bør difor ha låge investeringar og låge låneopptak. Dette vil bidra til å ivareta kommunen sin økonomiske handlefridom over tid.

Budsjett 2022

I rekneskapan for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 36,4 mill. Det utgjer 13,0 prosent av driftsinntektene i 2021. Det positive resultatet skuldast i stor grad auka inntekter, blant anna frå skatt og konsesjonskraft. Netto driftsoverskot er i hovudsak sett av til å styrke disposisjonsfondet.

Netto driftsoverskot i opphavelag budsjettet for 2022 var kr 6 ¾ mill. Etter budsjettrevisjon er påreknna netto driftsresultat negativt, for ein stor del som følge av bruk av disposisjonsfond til medfinansiering av bustadbygging.



Kommunen har budsjettert med kr 60.468.000,- i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 142,6 mill. Naturressursskatt inngår i skatteinntektene med kr 11 ½ mill.

Inntektsprognosen frå KS for 2022 er oppdatert etter revidert nasjonalbudsjett og kommune-proposisjonen. Pårekna auka frie inntekter i revidert nasjonalbudsjett må bli sett i samanheng med pårekna auka pris- og kostnadsvekst for kommunane i år.

Kommunen har gjort vedtak om eigedomsskatt på kraftanlegg og nærings eigedom med 7 promille. Det var budsjettert med eigedomsskatt kr 27,0 mill., som er redusert til kr 24 ½ mill. i revidert budsjett. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var kr 27,3 mill.

I budsjettet var det lagt til grunn ei netto inntekt på kr 10,7 mill. frå konsesjonskraft, som er justert opp til kr 12,7 mill. i revidert budsjett. Kommunen har ikkje budsjettert med utbetaling frå Havbruksfond på bakgrunn av stor uvisse knytt til desse inntektene.

Det er budsjettert med kr 7,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette er over minstenivået.

I 2022 var det budsjettert med brutto investeringar for til saman kr 6,2 mill., som i revidert budsjett er justert opp til kr 15,3 mill. Dette er blant anna investering i oppgradering av skule.

Investeringane i år er planlagt finansierte med bruk av ubunden investeringsfond og moms-kompensasjon. Det blir ikkje teke opp lån til investeringar i år.

Det er gjort vedtak om opptak av startlån kr 2,5 mill. til vidare utlån. Eigenkapitalinnskot i KLP, kr 650.000,-, blir finansierte med bruk av disposisjonsfond.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 139,5 mill., medrekna startlån til vidare utlån. Det utgjer 49,7 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 85.600,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I planperioden 2023 - 2025 er det innarbeidd årlege netto driftsoverskot mellom 1,6 prosent og 1,9 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot i perioden er planlagt sett av til å styrke disposisjonsfondet.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 103,2 mill. ved utgangen av 2021. Det utgjer 36,8 prosent av driftsinntektene i 2021.

Kr 20 mill. av disposisjonsfondet er planlagt brukt til prosjekt innafor bustadbygging med kommunal medfinansiering. Kr 10 mill. av dette blir brukt i år. Kr 10 mill. er planlagt brukt i 2023. Noko av disposisjonsfondet er planlagt brukt til investeringar.



Det er i økonomiplanen innarbeidd årlege investeringar med om lag kr 6,2 mill. i heile planperioden. I tillegg kjem eigenkapitalinnskott til KLP med kr 0,65 mill. Investeringane kan bli høgare enn det som ligg i økonomiplanen.

Planlagde investeringar i økonomiplanperioden vil vere oppgradering av kommunal eigedom, kommunale vegar og avgiftsfinansierte investeringar.

Investeringane i perioden 2022 - 2024 er planlagt finansierte med bruk av ubunden investeringsfond og momskompensasjon. Det var opphavleg planlagt å finansiere investeringane til og med 2024 utan låneopptak. Det kan bli behov for å ta opp lån tidlegare i planperioden dersom investeringane blir større enn i opphavleg plan. Det blir likevel ikkje teke opp lån til investeringar i år.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunen har vedteke følgjande handlingsreglar:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter over TBU sin norm på 1,75 prosent
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter under 60 prosent

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag med inntekter frå kraftverksemd. Kommunen har no høgt disposisjonsfond og relativt låg lånegjeld. Det er gjennomført store investeringar i dei siste åra, blant anna i omsorgsbustader. Investeringsbehovet i tida framover vil difor bli mindre.

Det er viktig at kommunen også i åra framover har låg lånegjeld og eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond. Kommunen bør difor ha låge investeringar og låge låneopptak. Dette vil bidra til å ivareta kommunen sin økonomiske handlefridom over tid.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde
fung. kommunaldirektør